

## Årsmelding Myrkdalen Grendalag 2015

### **Styret har vore:**

Gudmund Furu (leiar) (på val)

Sigrid Skjervheim (kasserar) (på val)

Arne Bystøl (på val)

Anne Lise Ulvund

Ole Kr. Årnot

Vara: Lars O. Sausjord og Kristian Backer (begge på val)

Valnemnd: John I Norheim (på val) og Bjørn Atle Nesheim

### **Aktivitetar:**

Årsmøte 2. april -14, styremøte 12/11, 4/5.

Quizkveldar: 3 stk – 26/11 – 28/1 – 4/3 Deltakartal mellom 10 og 15

Trimboksane: Dei 7 boksane var plasserte slik: (tal besøk i parantes)

Skjerheimslangeleina (38), Storebotn (49), Sendedalen (141), Skabotnvarden (81)

Svolefjell (69), Gjetshellaren (62), Murane (34). 13 personar vitja alle postane, talet på registreringar totalt 474.

I 2015 er FRILUFTSLIVETS ÅR, og då vonar me mange vil vitja boksane når snøen vert borte.

Grendalaget har inngått leigekontrakt med Ungdomslaget for bruk av ungdomshuset til møte.

Skulen/barnehagen: Leiaren har vore med på ein del møte saman med representantar frå dei andre grendene som misser skulen sin. Var i Formannskapet og orienterte om stoda for Myrkdalen. Etter haste-ryddinga 15. november har ikkje noko skjedd. No fryktar ein at huset vert ståande slik og forfell, for kommunen har pr i dag ingen planar for bygget.

Heimesida [myrkdalen.org](http://myrkdalen.org): Per Backer driv denne glimrande som han har gjort i alle år i regi av Grendalaget.

Søknad om driftstilskot er sendt Sparebanken. Fekk ikkje noko i fjor, vonar på stønad i år.

TV-aksjonen: Grendalaget stod for innsamlinga i Myrkdalen 19. nov. Resultatet her var fantastiske 14454 kroner.